



**Mellom øyar:** Johan Söderström var til stades under opninga i Ulstein kunstlag torsdag kveld. Her står han mellom to av bileta sine. - Vi er alle øyar i havet, men vi er bundne saman likevel, seier han.

# Delikat og rått

Ved første augekast verkar bileta til Johan Söderström delikate, men går du litt nærmere oppdagar du kor rå dei er. Slik kan det vere også med menneske - og øyar.

● **Anne Gry Eilertsen**  
anne.gry@vikebladet.no

Udstillinga til Johan Söderström i regi av Ulstein kunstlag opna på Vikholmen torsdag kveld. Synnøve Overvåg kunne ønske både kunstnaren og dei frammette velkomne til utstillinga.

Ho hadde merka seg at kunstnaren hadde brukt eit sitat av Leonard Cohen for å skildre kunsten sin: «There is a crack in everything - that's where the lights shine in». (Der er ein brest i alt, det er der lyset kjem inn).

Og dette Cohen-sitatet passer godt på bileta til Johan Söderström. Svensken, som har budd i Norge sidan 1995, skaper bileta sine ved å legge eit



**Begeistra:** Synnøve Overvåg i Ulstein kunstlag ønskte kunstnaren velkommen. Ho fortalte publikum at ho hadde blitt begeistra både over bileta og metaforane hans.

tjukt lag med sparkel på ei plate, inneramma av eikelist. Først legg han eit lag i anten kvitt eller grått, og så let han det tørke slik at sparkelen begynner å sprekke. Steg nummer to er å legge ein annan farge inn i sprekkanne. Når alt er tørka på nytt sliper han motivet ned, slik at det blir slett og får eit grafisk uttrykk. Teknikken gjer at det tek to til tre veke å lage eit bilet, og dei kan minne om tresnitt.

Motiva hans er enkle og reine, og alle bileta går i kvitt- og

gråtonar. Söderström er truleg den einaste kunstnaren i Norge som brukar denne metoden.

Nokre av bileta som er med på utstillinga er heile 160x120 cm store, og temaet for utstillinga er «Øyar og eksistens». Folk vil tolke motiva ulikt, men nokre av bileta får tanken inn på fugleperspektiv, og einsame øyar i havet. På den måten vil kunstnaren seie noko om øyar og øygrupper, men også eksistensielle problemstillingar kring menneske og einsemd. Både øyar og menneske er ein-



**Flat Line:** Flat Line er tittelen på dette biletet. Kanskje ei flat øy i havet?

same, men livsavhengige av sameksistens med andre.

I fjor haust var Söderström hjelpearbeidar på Lesbos i 10 dagar, og situasjonen gjorde eit så sterkt inntrykk på han at han laga fem bilete då han kom heim til Oslo.

Prisane på bileta varierer frå 4000 til 15.000 kroner, og eitt av bileta vart selt opningskvelden.

Udstillinga er open til og med søndag, og ho er vel verd eit besök.